



Styrets årsmelding for år 2016

5. 4. 2017

Styrets sak 5-2017

Del I:

Årsmelding

Del II:

Årsrekneskap 2016, balanse 31.12.16

Budsjett 2017

Økonomiplan 2016 – 2020

Del III:

Revisjonsmelding

Innhold

Del I Årsmelding	3
1. Utviklinga i SUM 1993 – 2016, oppsummering.....	4
2. Driftsløype.....	6
3. Eigartilhøve og eigarane si målsetjing med SUM.	6
4. Avtaler mellom eigarane og SUM.....	10
5. Avfallsbeholdarar ved årsskifte	10
6. Førebyggjande tiltak, unormale hendingar, særlege problem og klager.	11
7. Beredskapsplan.....	11
8. Informasjon. Synfaringar. Internett. APP.	12
9. Kontrakter - avtaler	12
10. Kva tyder ordet «Gratis»?	13
11. Farleg avfall generelt. EE-avfall - Sensitive opplysningar	13
12. Vindaug med PCB og klorparafinar	13
13. Golvbelegg og skumplastisolasjon - EPS – «isopor»	13
14. Bygningsgips.....	13
15. Anlegg og bygningar, utstyr-maskiner	14
16. Deponiet – deponiutviding.	15
17. Resipientgransking. Årsrapport vatn. Ledningskontroll	15
18. Sigevassrensing	15
19. Gjenvinningsstasjonar, ytre	16
20. Påverknad ytre miljø – utsjånad, lukt mv	16
21. Returpunkt; Emballasjeglaser/glasflasker og hytte-containerar.....	16
22. Nedgravd løysing, pilotprosjekt	17
23. Slammottak	17
24. Mannskap som følgje av aktivitet.....	17
25. Endring dagleg leiar	17
26. Fylkesmann - SUM	17
27. Utvikling dei neste åra.....	18
28. SUM og samarbeid.....	18
29. Opplæring - kompetanseheving.....	19
30. Stor vekt på helse miljø tryggleik. Bedriftshelseteneste	19
31. Godtgjersle styre-rep.skap-klageutval	19
32. Forurensingslova § 2 og retningslinjene for avfallsarbeidet:	20
33. I høve til Regnskapsloven § 3-3:	20
34. Styrets vurdering.	21
35. Statistikk.....	23
Del II; Årsrekneskap 2016, balanse 31.12.16, økonomiplan 2016-2020	27
Del III Revisjonsmelding.....	39

Del I Årsmelding

1. Utviklinga i SUM 1993 – 2016, oppsummering

År 1993:

SUM vart skipa i mai 1993.

År 1994:

SUM i praktisk drift. Utkjøring av alle dei «umulege» dunkane, i bruk frå sommaren.

År 1995:

Bygging av Hesjedalen avfallsplass i gang på hausten.

År 1996:

Bygging av ny gjenvinningsstasjon på Skei i Jølster. Bygging av Hesjedalen avfallsplass heldt fram.

År 1997:

Hesjedalen avfallsplass og adm.bygg /driftsbygg ferdig.

År 1998:

Bygging av anlegg for matavfallkompostering endeleg vurdert og lagt bort.

År 1999:

Det vart bygt ny gjenvinningsstasjon på Sande i Gaular
Prøve-kompostering av slam blanda med knust treverk kom i gang.

År 2000:

Saman med Jordforsk; Vurdering av metannedbrytande deponidekke. Kloakkslam kompostert topp deponi.
Deponiet utvida.

År 2001:

Meldingane om dyresjukdommar i Europa: ku-galskap samt munn- og klauv-sykje
BIR (Bergen) bygde forbrenningsanlegg med kapasitet ca. 110.000 årstonn.
Deponiutvidinga ferdig.

År 2002:

I EU-systemet; Grundig drøftatiltak for å hindre smittespreiing, jamfør dyresjukdommane i 2001.
Det vart bygt ny gjenvinningsstasjon i Fjaler

År 2003

Anbudsforespørsel om bygging av gassanlegg. "Hurtigforespørsel" for å sikre matavfallet ut av fyllinga til 01.12.03, målet nådd
Retura Fjordane AS skipa, SUM eineieigar.

År 2004:

Gassanlegget ferdig til frist 01.06.04.
Forespørsel handtering av SUMs restavfall frå hushaldning 2005-2006-2007. REKOM vann anbodskonkurransen på forbrenning med energigjenvinning
1.juli 2004 Forurensingsloven endra; forbruksavfall gikk ut, ny nemning vart hushaldningsavfall. Ca 30% av tidlegare monopolvare gikk inn i den nye nemninga næringsavfall som tok over for produksjonsavfall.

År 2005

Starta planlegging av sorterings- og omlastingshall.
Sunde Gjenvinning AS og SAR AS aksjar i Retura Fjordane
SUM søkte om nytt driftsløyve, svaret kom i 2008

År 2006

Omlastings- og sorteringshallen vart bygt og teken i bruk seint på hausten. Utvendig flate for metallskrap vart opparbeidd
SAR AS vann kontrakt på inntransporten frå gjenvinningsstasjonane, returpunkt og farleg avfall.
Olav Tenden Transport AS vann transport- og sorteringskontrakten på papir.
Ny gjenvinningsstasjon i Staurdalen i Hyllestad; Den første stasjonen for "krokraft" (store 41 m³ containerar).

År 2007

Anbudsrunde på slam og dunkrenovasjon. I Staurdalen – Hyllestad vart det innført løysing for betalingsavfall.

År 2008

Retura Fjordane AS avvikla Fylkesmannen; nytt driftsløyve i mars måned, ref søknad år 2005
Opparbeiding av ny slamkomposteringsplass Einestølen.

År 2009

Ny gjenvinningsstasjonen i Askvoll .

År 2010 - 2011

Ny gjenvinningsstasjon i Gaular i drift i desember 2010

Det vart også bygt ny stasjon i Jølster og Fjaler, vart tekne i bruk 2011

Alt brennbart til energigjenvinning.

Adm.bygget Einestølen 2011, 2 nye kontor plassar (dei første sidan opprinneleg bygging 1997). Lagerbygg (rundt 400 m²), utviding traileroppstilling utanfor port og «elv i rør» ovanfor vekta ferdigstilt.

År 2012

Einestølen; Tak over vekta i 2012.

Gjenvinningsstasjonen oppgradert, ferdig desember. Alle nedbørspåverka fraksjonar er under tak, og heile stasjonsområdet meir romsleg sidan nybygget er lagt «bak» i tidlegare skråning.

SUM tok over driftinga av 4 gjenvinningsstasjonar gjennom kontrakt med driftar Myrmel Bruk v. Ove Myrmel; Jølster (Skei), Gaular (Sande), Fjaler (Kjørlevika) og Askvoll (Olsetvikane).

Omlegginga frå kommunal drift vart gjort etter dialog med dei 4 kommunane.

Hyllestad kommune driftar stasjonen på Myrgjerdet.

År 2013

Behovet for å få meir ømfintleg avfall under tak, gjorde at det vart bygt lagerbygg (garasjemodul) på gjenvinningsstasjonane; Skei, Sande, Flekke/Kjørlevika, Olsetvikane, Staurdalen.

Komprimatorcontainerar til dei same stasjonane for å presse saman laust papp og papp, og effektivisere inntransporten.

Papirfraksjonen i krokcontainerløysing som går i same tømesyklus som andre større fraksjonane (restavfall, treverk, metall).

År 2014

Slamkomposteringsflata utvida med 2.000 m² asfaltert dekke, tidlegare flate 5100 m², Σ 7.200 m² . SUM overtok driftinga av stasjonane i Jølster, Gaular, Fjaler og Askvoll. Stasjonen i Hyllestad framleis drifta av kommunen.

År 2015

Deponiet utvida med ca 4.500 m².

Nytt løyve frå Fylkesmannen 3. juli, avløyser løyvet frå 2008.

Anbudsrunde og kjøp ny gravemaskin og ny sorteringsmaskin . Anbudsrunde på slamkontrakt 2017-2021, Miljøservice/Birkeland vann (som tidlegare). Gassanlegget formelt ute av drift/nedlagt.

År 2016

Dagleg leiar Håkon Grepstad gjekk av med pensjon. Henning Tjørhom tilsett som ny dagleg leiar frå 1. september.

Investeringane opp gjennom åra i grove trekk

Tekst	År	Mill. kroner
Overtaking av frå ISR inkl. Løkingsmyra avfallsplass	1994	9
Dunkar og containerar	1994	10
Bygging veg til Einestølen	1996	17
Diverse grunnkjøp	1996	2
Bygging Hesjedalen avfallsplass	1997	20
Bygging Einestølen gjenvinningsstasjon m. adm.bygg	1997	7
Etablering og Bygging gjenvinningsstasjonar (frå 1996)	Frå 1996	6
Utviding Hesjedalen avfallsplass	2001	6
Maskiner	1994 - 2007	5
Gassanlegg og omlastingsbås	2004	2
Omlastingshall	2006	6
Bygging gjenvinningstasjon i Hyllestad Diverse utstyr, m.a. containerkjøp	2007	3
Start-arbeid Einestølen etter nytt løyve. Start ny gjenv. st. Askvoll. Utsifting hyttecont.	2008	3
Ferdigstilling ny gjenvinningsstasjon Askvoll	2009	1
Opparbeiding komposteringsflate og slambingar, arrondering lagerplass syd omlastingshall, start opparbeiding sorteringsflate vest metallskraptomt	2009	3
Renseanlegg sigevatn, div sprenging, oppknusing steinmassar, opparbeiding sorteringsflate v. metallskrap. Kvern for avfall og tre. Gjenvinn.stasjon Gaular og Jølster. container- og utstyrskjøp	2010	10
Ferdigstill stasjonane Gaular og Jølster (0,5), Bygging gjenv.st Fjaler (4 – refusjon), bygging kontor, lager og tak over vekt mm (4,5). Containerar mv. (1)	2011	10
Tak gjenvinningstasjon (1), komprimator containerar og andre containerar (1), hjullastar (1,8), opparbeiding nytt lagerareal (0,2)	2012	4
Lager / «garasje» Skei, Sande, Kjørlevika, Olsetvikane, Staurdalen. Komprimator- og andre containerar	2013	3
Utviding komposteringsflate, start grunnlag deponiutviding. Diverse coantainerkjøp	2014	2
Deponiutvidig, gravemaskin, sorteringsmaskin, nedgravd løysing, containerar mv	2015	7
Minimaskin, gjenvinningsstasjon Jølster	2016	0,3
Samla investering pr jan 2017		Ca 136 mill. kroner

2. Driftsløyve

Fylkesmannens løyve av juli 2015 avløyste løyvet frå 2008. Det blei i 2015 klaga på krav om overdekking av området for kompost. Denne klagen er endå ikkje avklart, men det er forventa ei tilbakemelding våren 2017.

3. Eigartilhøve og eigarane si målsetjing med SUM.

Frå Selskapsavtalen:

§1 Selskapets firma og deltakarane

Selskapets firma er Sunnfjord Miljøverk IKS.

Dei deltakande kommunane er Askvoll, Fjaler, Førde, Gaular, Hyllestad, Jølster og Naustdal

Andre kommunar har høve til å søkje medlemskap. Selskapet har hovudkontor og forretningsadresse i Førde.

§2 Formålet med selskapet er:

Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane.

Bygging og drift av behandlingsanlegg for restavfall etter gjenvinning

Selskapet skal bygge og drive innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomagring og vidaresending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast. Selskapet kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg

Selskapet kan delta i, - til dømes ved aksjekjøp – og / eller opprette sjølvstendige selskap - til dømes aksjeselskap - som skal ivareta spesielle oppgåver som har samanheng med drifta.

Selskapet skal leggje særleg vekt på miljøvenlege drift i alle ledd i avfallsbehandlinga og reduksjon av avfallsmengda.

Selskapet skal gje pålegg/råd i spørsmål som gjeld renovasjon, og i nært samarbeid med kommunane informere publikum og næringsdrivande om drifta av selskapet.

Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggje vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege behandlingsmetodar.

§3 Selskapsleiing

Selskapet vert leia av eit representantskap og eit styre. Representantskapet er selskapet sitt øverste organ. Medlemmene i representantskapet med personlege varamedlemmer vert valde av kommunestyra i medlemskommunane for 4 år i samsvar med den kommunale valperioden.

Medlem i styret kan ikkje vere medlem i representantskapet.

§ 4 Representantskapet

§4.1 Representantskapet skal ha eit medlemstal som tilsvorar folketalet i medlemskommunane slik at kvar kommune har ein representant pr. 2.500 innbyggjarar. Minimumstalet på representantar frå ein kommune skal likevel vere 2 representantar uansett innbyggartal

Ein får følgjande medlemstal i høve til folketalet:

Folketal	Medl. i repr.skap
0 - 2500	2
2500 - 5000	2
5000 - 7500	3
7500 - 10000	4
10000 - 12500	5
12500 - 15000	6
15000 - 17500	7
17500 - 20000	8

Og så vidare etter same mønster

Utgangspunktet er folketalet i kommuneval-år, med basis i folketalet pr. 1.1.2004.

Folketalet og talet på medlemmer i representantskapet vert justert kvart 4. år, første gang 01.01.2008 og ved opptak av nye medlemskommunar eller ved endringar i eigarkommunane.

Folketalet og prosentdelinga er slik pr.01.01.2016 (Kjelde Statistisk Sentralbyrå):

Kommune	Folketal	Folketal	Folketal	Fordeling 2008	Fordeling 2012	Fordeling 2016	Medl.repr.skap
	01.01.2008	01.01.2012	01.01.2016	2008 %	2012 %	2016 %	
1413 Hyllestad	1 505	1 461	1 395	5,49	5,18	4,82	2
1428 Askvoll	3 065	3 010	3 023	11,18	10,67	10,44	2
1429 Fjaler	2 849	2 832	2 830	10,39	10,04	9,78	2
1430 Gaular	2 748	2 848	2 942	10,02	10,09	10,16	2
1431 Jølster	2 929	3 052	3 020	10,68	10,82	10,43	2
1432 Førde	11 650	12 307	12 900	42,5	43,61	44,56	6
1433 Naustdal	2 668	2 710	2 840	9,73	9,6	9,81	2
	27 414	28 220	28 950	100	100	100,00	18

§6 Styret

§ 6.1.1 Styret skal ha eit medlemstal som tilsvarar folketalet i medlemskommunane slik at kvar kommune er representert:

Folketal	Medl.i styret
0 - 10000	1
10000 - 15000	2
15000 - 20000	3
20000 - 25000	4

Styremedlemmene skal ha personlege varamedlemmer.

Representantskapet 2016-2020 m. personleg vara :

Kommune	Fast	Personleg vara
Askvoll	Marit Klausen	Arild Herland
Askvoll	John Lien	Astrid Thorsen Landøy
Fjaler	Kjartan Habberstad	Joakim Janninge
Fjaler	Ida Ravnøy Fretland	Joy Taylor
Førde	Olve Grotle	Anne Ma Frimannslund
Førde	Ivar Svensøy	Reidar Fugle Nordhaug
Førde	Ove Varlid	Rune Hegrenes
Førde	Bjørn-Harald Haugsvær	Sissel Viddal Laache
Førde	Jan Taule	Åge Alvedal
Førde	Liv Bergljot Løken	Turid Vallestad
Gaular	Mathias Råheim	Norunn Lunde Furnes
Gaular	Johnny Kårstad	Heidi Vallestad
Hyllestad	Morten Askvik	Rune Risnes
Hyllestad	Fredrik Høie	Eva Mette Høie
Jølster	Tom Erik Sandal	Inger Jorunn Årseth
Jølster	Einar Gautefall	Kristine Hjelmekke
Naustdal	Hallgeir Kalland	Bjørn Hundershagen
Naustdal	Magnhild Runde	Lena Kristin Eliassen

Styremedlemmer m. personlege varamedlemmer

Styre 2016-2020		
	Fast	Personleg vara
Askvoll	Frida Melvær	Gunnar Osland
Fjaler	Stig Moltumyr	Hogne Kvangarsnes
Førde	Iris Loftheim	Tore Fossen
Førde	Marius Dalin	Kari Valle
Gaular	Grim Erik Gillestad	Eli Berge Ness
Hyllestad	Geir Helge Nordstrand	Rune Risnes
Jølster	Oddmund Klakegg	Birgit Tansøy
Naustdal	Anne-Britt Øyra	Åsmund Berthelsen
Det var 8 styremøte i 2016		

Klageutvalet 2016 - 2020:

Kommune	Fast	Personleg vara
Askvoll	Jostein Erikstad	Kurt Rutledal
Fjaler	Ragnhild Stav	Eivind Antonisen
Førde	Audun Vagstad	Helge Robert Midtbø
Førde	Kjell Arne Hjelmbrekke	Helen Håland
Gaular	Nina Bjørvik	Erlend Brede Fossen
Hyllestad	Knut O Skår	Reidun Skår
Jølster	Dag Arne Veiteberg	Janne Kristin Eikås
Naustdal	Ole Erik Thingnes	Viggo Leikanger

Utvalet konstituerte seg på møte 26. februar 2016, og valde:

Leiar: Kjell Arne Hjelmbrekke

Nestleiar: Dag Arne Veiteberg

I 2016 var der ikkje klagesaker til behandling i utvalet.

4. Avtaler mellom eigarane og SUM

Kommunale forskrifter

Eigarkommunane har likelydande forskrift for renovasjon og slam.

SUMs oppdrag på vegne av eigarkommunane:

- Gjennomføre all innsamling av hushaldningsavfall i kommunane, ref Forurensningsloven §30, jamfør §34, enten sjølv eller gjennom avtaler med aktuelle entreprenørar.
- Syte for at alle abonnentane har det utstyret som skal til for å gjennomføre kjeldesortering og innsamling i henteordningar
- Syte for alt nødvendig oppsamlingsutstyr på returpunkt, til dømes utplasserte containerar for emballasjeglase og hytteavfall. Avfallsinnsamling frå desse punkta enten sjølv eller gjennom avtaler
- Bygge ut og drifte gjenvinningsstasjonane enten sjølv eller gjennom avtaler
- Syte for alt nødvendig oppsamlingsutstyr på gjenvinningsstasjonane, til dømes utplasserte containerar for farleg avfall, restavfall, treverk metallskrap. Etablere og drifte "returpunkt!" for emballasjeglase og hytteavfall.
- Hente alt rettmessig levert avfall frå gjenvinningsstasjonane og returpunkta og sikre korrekt gjenvinning og/eller sluttbehandling, enten sjølv eller gjennom avtaler

Driftsavtaler gjenvinningsstasjonar

Hyllestad kommune drifrar stasjonen i Staurdalen.

5. Avfallsbeholdarar ved årsskifte

År	2000	2002	2004	2006	2008	2010	2012	2014	2016
GRÅ	10 060	10 415	10 781	11 062	11 548	12 667	12 862	13 231	13 576
BLÅ	9 658	10 006	10 241	10 481	10 786	11 106	11 425	11 687	11 972

Hyttedunkar er både private abonnent og felles oppsamlingseiningar.

Kontainerar utplassert på oppsamlingsplasser for hytteavfall ikkje medtekne.


Teljing utført januar 2014 i samband med ny kontraktsperiode RenoNorden. Kontroll av dunkar skjer kontinuerlig gjennom året.

Dunkar er vekta slik: 140 liter =1

240 liter =1,71

660 liter = 4,71

ein hyttedunk = 1



6. Førebyggjande tiltak, unormale hendingar, særlege problem og klager.

Det vert kontinuerleg arbeidd med førebyggjande tiltak. Større og mindre hendingar vert tatt med under tryggleikvurdering og risikoanalysar. Ved behov vert det gjort endring i udokumenterte og dokumenterte rutinar.

Opp gjennom åra har det vore regelstridig utslepp (fiskeolje til fjorden i 2013), branntillaup på deponiet, branntillaup på kverna og i gravemaskin, rotteplage, funn av kattar mv; Også slike hendingar vert tatt med når rutinane vert vurdert.

Det har vore nokon utfordringar knyta til lukt i enkelte periodar. Dette blir nå loggført og ei arbeidsgruppe følgjer dette opp.

Oppsummert 2016; Eit godt driftsår.

Dunktømminga medfører ein del kontakt. Døme: Overfylte dunkar vert ikkje tømde og vegar som ikkje vert køyrd på grunn av at sjåføren ikkje finn det forsvarleg på vinterstid.

RenoNordens rapportering 2016, ikkje tømt grunna feil frå dunkbrukar.

Melding vert sendt til SUM og aktuell kommune pr e-post. Renovatør har dokumentasjon i form av foto.

	Førde			Naustdal			Jølster			Gaular			Fjaler			Hyllestad			Askvoll		
	Framkomst	Overfull	Feilsortert	Framkomst	Overfull	Feilsortert	Framkomst	Overfull	Feilsortert	Framkomst	Overfull	Feilsortert	Framkomst	Overfull	Feilsortert	Framkomst	Overfull	Feilsortert	Framkomst	Overfull	Feilsortert
Sum 2012	47	43	27	31	4	2	4	3	0	6	11	2	5	0	1	1	5	12	2	3	0
Sum 2013	36	36	11	23	4	0	7	0	0	9	3	1	15	2	1	4	2	1	9	2	1
Sum 2014	32	39	20	3	2	1	5	0	0	10	10	1	10	0	0	12	2	2	0	2	0
Sum 2015	28	61	24	4	3	1	4	3	1	13	7	1	10	0	0	4	6	2	10	6	0
Sum 2016	77	59	34	11	5	0	17	16	2	22	6	3	25	5	0	8	7	1	12	4	1

RenoNordens rapportering 2016, ikkje tømt grunna feil frå RenoNorden

Oversikt over dunkar som urettmessig ikkje har vorte tømde, avvika vert retta opp etter dialog med abonnent. RenoNorden har tømt i etterkant evt teke med sekk ved sida av dunk veka etter.

	Førde	Naustdal	Jølster	Gaular	Fjaler	Hyllestad	Askvoll
Sum 2012	4	6	0	0	8	2	5
Sum 2013	18	6	5	8	8	1	2
Sum 2014	20	0	19	2	8	12	3
Sum 2015	11	6	12	13	5	6	0
Sum 2016	8	8	12	3	6	1	5

RenoNorden har i alt tømt 639 996 dunkar i 2016.

7. Beredskapsplan

SUM har beredskapsplan som vert revidert ved behov. Etter organisasjonsjustering hausten 2013, vart planen oppdatert 19. februar 2014. Oppdatering 5. februar 2015. Oppdatering 6. februar 2016.

8. Informasjon. Synfaringar. Internett. APP.

Det er få klager frå abonnentane. Mange brukar nettsidene og finn svar der. Nokre tar kontakt på telefon og e-post, det er om lag slutt på brev-post.

Under ruteomlegging i veker med «raude dagar» er det alltid ein del som bommar på tømmedag. Også spørsmål rundt nokre avfallsfraksjonar er av og til tema, til dømes om farleg avfall, plast og matavfall

Det vert etter behov gjennomført synfaringar og møter; SUM-personalet stiller opp når direkte-kontakt er det mest tenlege.

Styrerepresentantar og tilsette møter gjerne opp i aktuelle fora i eigarkommunane for informasjon / drøfting.

SUMs internettside skal vere aktiv og selskapets hovud-informasjonskanal. Målet er å vere på hogget med nyhende samtidig som det trauste kjem fram.

Flygeblad "SUM-info 1-(årstal)" har vorte spreidd til alle innbyggjarar og utanbygds hytteiegarar like før påske. Frå 2013 vart utsending til utanbygds hytteiegarar stogga; Brev vart sendt til alle, og dei vart oppmoda om å bruke SUMs nettsider / ta kontakt ved behov.

Sidan svært mange nyttar internett, vert det fortløpande vurdert å avslutte postsendinga til abonnentane i kommunane.

SUM-infoen om årleg henterunde farleg avfall og renovasjonsrutekalenderen har tidlegare vorte sendt til alle innbyggjarar som uadressert post. Dette blei også gjort i 2016.

SUM-APPen er tilgjengeleg for alle med smarttelefon, og dei interesserte kan legge inn varslingsrenovasjonsrute og hente annan informasjon via mobilen.

9. Kontrakter - avtaler

Ansvarleg SUM	Gjeld	Avtale med	Varigheit	Opsjon varslast:	Merknad
Bu	Innkjøring frå SUMs gjenvinningsstasjonar	SAR AS, Florø	2017-2020		
Bu	Henting farleg avfall på gjenvinningsstasjonar og verksemdar (etter innmelding) samt grendarute	NG, Førde	2017-2020		
Bu	Tøming av glas og metall frå returpunkt	SAR AS, Florø	2017-2020		
Bu	CCA		Kontrakt Norsk Gjenvinning Opsjon nytta til 4. mai 2017		Ny anbudsrunde vår 2017
Bu	Klorparafinvindauge, levering	Geminor	01.08.2017 Opsjon er brukt		Ny anbudsrunde vår 2017, alternativ levering til BIR ved offentlig-offentlig samarbeid
Bu	PCB-vindauge	Ruteretur			
	Energigjenvinning restavfall	REKOM AS, Bergen	1.4.2017-31.3.2020		
Øvrebø	Tøming av avfallbeholdarar, vanleg hushaldsrenovasjon	Reno Norden AS, avd. Førde	2013- 2017 opsjon 1 + 1 år		Opsjon 1. år er varsla muntleg
Øvrebø	Papir, mottak-sortering-kjøp	Norsk Gjenvinning, Førde	2011----		SUM sel til høgstbydande som 31/12 er Norsk Gjenvinning, oppseing avtale 3 mnd
Øvrebø	Gips	Gips Recycling, Frode Tangsveen ut 2017	Avtale til og med 2017		
Øvretveit	Tøming av slamavskillerar og tette tankar	Miljøservice AS, Stryn og Johny Birkeland Transport AS, Dalsøyra	2017-2021 + opsjon 1+1	Evt opsjon on varslast innan 30.6.2021.	

Denne lista er informerande og aldri komplett; Kontrakter/avtaler endrar seg stadig

10. Kva tyder ordet «Gratis»?

Alt som vert gjort har ei kostnadsside. Ordet «gratis» vert likevel brukt, og betyr då; Døme

- Gratis å levere hushaldningsavfall tyder at kostnadene vert dekkja over renovasjonsgebyret
- Gratis å levere EE-avfall frå hushaldning til butikkar tyder at returen er finansiert gjennom påslag i prisen for nye produkt – og gjennom kommunalt avfallsgebyr

11. Farleg avfall generelt. EE-avfall - Sensitive opplysningar

Sitat; «Definisjonen på farlig avfall (før 2003 "spesialavfall") er slik: "Avfall som ikke hensiktsmessig kan håndteres sammen med annet husholdningsavfall eller næringsavfall fordi det kan medføre alvorlige forurensninger eller fare for skade på mennesker eller dyr.»

«Alle» kjenner dei mest vanlege fraksjonane; maling-lim-lakk-olje. Også CCA-impregnert frå før år 2003, kreosotimpregnert og asbesthaldig vare er kjent – eller stemmer det?

Det er no slik at farleg avfall frå hushaldning kan levarast av den som betalar kommunalt renovasjonsgebyr utan ekstra betaling – gratisleveringsleveringsgrensa er lovmessig avgrevnsa til 1 tonn pr år pr abonnent.

SUM kjører også 12-13 henterunder (inkl. «grendarute» i mai – juni) der også farleg avfall frå små-næring kan takast med; Hushaldningane leverer gratis, næring betalar. Dermed er det lagt sær godt til rette for å kvitte seg med dei farlege stoffa.

EE-avfall (elektrisk avfall) inneheld miljøfarlege produkt, og skal takast i mot og gjenvinnast / sluttbehandlast på trygg måte. Også her er det svært lett for abonnentane å finne leveringsløyisingar som er gratis; Enten på butikkane som sel elektriske produkt eller på SUMs gjenvinningsstasjonar.

I revidert avfallsforskrift har det komme krav om ekstra sikring av EE-avfall som kan innehalde sensitiv informasjon. Eigen «safe» er på plass på hovudanlegget

12. Vindauga med PCB og klorparafinar

SUM handterer desse farleg-avfalltypene slik forskrift krev. PCB-vindauga (åra 1965-1975) er inne i eit eige produsentansvarssystem. Klorparfinvindauga (1976 – 1990) er ikkje inne i nasjonalt system, avhendingsproblematikken må løysast av det enkelte selskap.

13. Golvbelegg og skumplastisolasjon - EPS – «isopor»

Slik stoda er, vert det meste av innlevert golvbelegg behandla som farleg avfall. Det same gjeld for eldre skumplastisolasjon (XPS og EPS) frå bygging, gjerne kalla isopor.


Sluttbehandlingsløyisingane varierer frå tid til tid; SUM skaffar lovleg avsetning når lageret er fullt.

14. Bygningsgips

Gips vert skilt ut og går til materialgjenvinning. Motteken mengde aukar, det viser seg at ein del andre aktørar ikkje ønskjer å ha «ventelager» for dette produktet.

SUM har løyst dette; Det er sett av plass i eitt av lagerlokala der gipsen vert kjørt høgt opp langs betongveggen for å redusere arealbruk og risiko for fukt.

SUMs mottakspris på næringsgips er kr 1200/t eks mva, tilsvarende pris hos granneselskap er kr 2562/t.



15. Anlegg og bygningar, utstyr-maskiner

I 2015 vart det gjort ein del snikkararbeid (skifting av fuktskada ytterpanel, skifting vindauge, skifting dører mv) og mykje malararbeid på bygningane på Einestølen.

Litt restarbeid står att, noko blei gjort i 2016, men maling gjenstår i 2017.

På Skei er det gjort ein del innvendig i garasjen, mellom anna ved støping av betonggolv for å få fallet rett veg.


SUM har fleire maskiner i dagleg bruk. I 2015 vart ein god del av maskinparken fornya:

2 stk 18 tonns hjullastarar,	Den eldste vert vurdert skifta
1 kvern for avfall og treverk,	Ikkje planer om skifting.
1 kompaktor,	Ikkje planer om skifting.
1 truck,	Ikkje planer om skifting.
1 Gravemaskin	Ikkje planer om skifting

SUM har i dag eige vassbasseng for vatn til sløkking av brann, og det er lagt fram koplingspunkt ulike stader i anlegget. Bygningane har optisk varsling med direkte kontakt til alarmsentralen i Florø. Dersom brannberedskapen skal aukast ytterlegare, kan det vere aktuelt med termisk kamera som oppdagar varmgang før det oppstår brann. Over tid har det årleg oppstått brann i avfall under kverning.

16. Deponiet – deponiutviding.

Den austre delen av etappe 3, samt litt av etappe 4 og 5 blei utbygt i 2015. Etappe 1 er snart full og vi må fortløpende vurdere når resten av etappe 3 og etappe 4 og 5 skal opnast.



Figur 1 Illustrasjon deponi og utvidingar

17. Resipientgransking. Årsrapport vatn. Ledningskontroll

Resipientgranskninga gjennomført 2011-2012 (VERITAS-rapporten er tilgjengeleg elektronisk på forespørsel) gav gode resultat og betre enn tidlegare granskningar.

Prøvetakingsområda er lagt i nærleiken av utsleppet frå tidlegare Løkingsmyra avfallsplass og avrenninga frå Hesjedalen avfallsplass. Funna indikerer at SUMs utslepp forurensar lite.

Det vert utarbeidd eigen årsrapport i høve vassovervaking

Dei tre store kummane på sigevassledninga vart kontrollert i 2014.

På grunn av høgdebrenn på utsleppsledningen, der det samlar seg gass, vert ledningen dykkarkontrollert 3-4 ganger pr år. Gassen som ligg i høgdebrennet vert tappa ut. Målet er å få montert automatisk «lufting» slik at ledningen ikkje får oppdrift stor nok til at den vert løfta frå botnen. Dette har tatt lengre tid enn venta, sidan det ikkje ser ut til å finnast eigna lufteventil. Det vert satsa på å finne løysing i løpet av 2017; Dykkarkontrollane held fram til løysing er funne.

18. Sigevassrensing

Det enkle renseanlegget vart sett i drift 2010.

Det må framover avgjerast om ny renseteknikk skal inn, og kva det evt skal rensast på.

Det synest naturleg at Fylkesmannen i Hordaland og Sogn og Fjordane, i samarbeid med deponieaigarane, tar temaet vidare med sikte på felles forståing av rensebehovet.

19. Gjenvinningsstasjoner, ytre

Hyllestad / Staurdalen (i drift 2006), Askvoll / Olsetvikane (i drift 2009). Gaular / Sande (2010), Jølster / Skei (2010-2011). Fjaler / Dale (2011)

Stasjonane er aktivt drifta, og blir oppdatert etter mal for hovedanlegget på Einestølen. Ein del avfall er «attraktivt» ved nattleg besøk; låsbare lagerbygg (garasjer) reduserer uønska uttak. Det er aktuelt å forlenge garasjene og auke takoverdekka område. Som ein test blei det i 2016 kjøpt inn minilastar på Skei i Jølster. Maskinen har avgrensa bruksområde og det er lite truleg at det blir kjøpt tilsvarende maskiner til stasjonane. Det må vurderast om det er andre maskinar som eventuelt kan nyttast.

20. Påverknad ytre miljø – utsjånad, lukt mv

Det vert lagt vekt på at SUMs drift på hovudanlegget på Einestølen og gjenvinningsstasjonane, skal vere god både med omsyn til utsjånad og luktproblematikk. Dette gjeld også returpunkta.

Lukt frå anlegget er av og til merkbar. Det kjem truleg noko frå tipping av ferskt kloakkslam, mens noko kjem frå komposteringsprosessen på komposteringsflata. Lager med kompost på utsida av gjerdet er truleg også noe luktskapande. SUM-personalet brukar «nase» og driftar slammottaket slik at kloakkslam og knust treverk snarast vert blanda slik at mikroorganismene får starta komposteringsjobben.

SUMs anlegg skal vere ryddige, selskapet får generelt gode tilbakemeldingar. Feiemaskinen for hjullastar gjer det mogleg å komme kjapt rundt ved behov, det er etter kvart store flater som må ryddast på hovudanlegget. På dei ytre stasjonane vert det meir manuelt arbeid, også her er tilbakemeldingane gode.

Frå tid til anna vert rotter oppdaga på anlegget; Dei kjem nok med containeravfall. Beredskapen er høg, og skadedyrsaneringsfirma er inne fleire ganger for året; Ved «oppblomstring» vert det aksjonert særskilt.

21. Returpunkt; Emballasjeglas/glasflasker og hytte-containerar


Returpunkta vart vurdert i starten av året. Talet på dunkar som hyttemottak vert redusert og vanlege 2,5, 4 eller 6 m³ konteinantar blei løysinga. Det er ei fortløpande vurdering av plassering av returpunkt. Eventuelle justeringar vil så langt som råde er bli gjort kjend før ein sender ut SUM-info 1.

22. Nedgravd løysing, pilotprosjekt

SUM, Førde kommune og Hellenes AS har bygt anlegg på Festplassen i Førde der kunn nedkastsøyler og teknisk søyle er synlege i dagleg drift.

Når einingane skal tømast, vert standardcontainerane løfta opp ved sakslift/løftebord, containerane vert enten bytte eller tømt på staden, og eininga er klar til mottak av nye fraksjonar.

Det var revisjon av anlegget hausten 2016 og anlegget fungerer etter intensjonen.



Figur 2 Illustrasjon frå Hellenes AS

23. Slammottak

Slamkomposteringsaktiviteten er høg og vi mottar slam frå kommunar utanfor SUM-systemet. Spørsmål om overdekking må avklarast med tanke på kapasitet og kostnad. Inntil vidare handterer SUM det som vert teke i mot, men vurderer både kapasitet og metode framover.

24. Mannskap som følgje av aktivitet

Behandlinga av hushaldsavfallsdelen vil vere om lag stabil. SUMs prisar mot næringslivet er konkurransedyktige. Dette gir likevel ingen garanti for å halde på dagens mottaksmengder. Det blei oppretta ei ny stilling i 2016. Bemanninga er i en vesentleg grad tilpassa dagens aktivitetar, men det kan tidvis vere utfordringar i dei mest hektiske periodane.

25. Endring dagleg leiar

Håkon Grepstad gjekk av med pensjon 1. september 2016. Håkon Grepstad var avdelingsleiar i bygnings- og reguleringsavdelinga i Førde Kommune då han vart tilsett som dagleg leiar ved Sunnfjord Miljøverk i november 1993. Den gongen låg avfallsplassen til SUM på Løkingsmyra, og Grepstad administrerte selskapet med tre tilsette (maskinførar, vektoperatør og dagleg leiar) frå kontor i Førde. Anlegget på Einestølen og Hesjedalen vart etter nokre år bygd opp i ekte Sunnfjord-ånd. Med Henrik Lunde frå Gaular som leiar for styret fram til april 2016 låg det alltid veloverveide vurderingar til grunn for investeringar.

Sunnfjord Miljøverk IKS er i dag eit selskap med ti tilsette. SUM har som følgje av nøktern styring alle moglegheiter for å møte dei miljøkrav som måtte kome framover. Ny dagleg leiar frå 1. september er Henning Tjørhom

26. Fylkesmann - SUM

Det har historisk vore nokre ueinighetar mellom SUM og fylkesmannen. SUM har i løpet av 2016 oppretta dialog med fylkesmannen med mål om ei felles forståing løyve og lovverk som påverkar drifta. SUM håpar og trur på eit godt samarbeid framover.

27. Utvikling dei neste åra

SUMs viktigaste oppgåve er å tilby abonnentane korrekt avfallslysing basert på:

- Kontinuerleg oppdatering på kva avfallsalternativ som finst
- Kritisk vurdering av metodikk og lysing med sikte på god ressursbruk og forsvarleg miljømessig belastning.
- Systematisk informasjon om til alle abonnentane

SUM bidrar til avfallskunnskap hos abonnentane, næringslivet og samfunnet generelt.

SUM-styret og tilsette er godt oppdatert og i stand til å gjere dei nødvendige kritisk vurderingane. Deltaking i faglege konferansar, besøk på aktuelle anlegg og deltaking på fagmesser er viktige element i kompetansebygginga

Når og dersom eigarkommunane ønskjer det, stiller SUM med avfallskompetanse som enten finst i selskapet eller som gode nettverk kan framskaffe. Selskapet har mange kanalar som kan brukast, mellom anna i samarbeidet KS Bedrift og Avfall Norge, og gjennom KAV (Kommunalt Avfallssamarbeid Vestlandet) der om lag alle interkommunale avfallsselskap og ein del enkeltkommunar frå Nord-Rogaland (inkl Stavanger-området), Hordaland og Sogn og Fjordane er med. Også medlemsskapet i Norsk Foreining for Farlig Avfall vert brukt aktivt.

Styret besøkte august 2014 ROAF (Romerike Avfallsforedling, rett sør for Gardermoen) og fekk orientering og omvising på dei nye og moderne mottaks- og sorteringsanlegg. I dette anlegget er teknologien så god at dei fleste fraksjonar vert separert med sikte på materialgjenvinning. Styret vart informert om at ROAF på sikt håpar å kunne tilby andre å nytte anlegget. SUM har halde kontakten og vorte oppdatert på anleggets utvikling.

SUM kan vere aktuell leverandør til anlegget noko SUM har tatt dette opp med ROAF, men siste tilbagemelding i sommar var at anlegget ikkje har kapasitet. Dei har styrevedtak om å prioritere avfall frå nærliggande områder, og då blir kapasiteten raskt utnytta.

Det er avfall tilsvarende innhaldet i SUMs restavfalldunkar som vert køyrd inn i anlegget. Løysinga krev at hushaldingane og abonnentar frå næringslivet legg matavfallet i pose med særskilt fargekode; Denne vert detektert og skilt ut. Det vert utsortert 5 plasttypar som går til materialgjenvinning. Plast som ikkje eignar seg til nytt materiale enten på grunn av type eller på grunn av innhald av miljøgifter blir sendt til energigjenvinning.

I framtida må truleg alt restavfall leverast til slike sorteringsanlegg, noko som skyldast nye krav til utsortering og grad av materialgjenvinning som er venta og kome dei neste åra.

For å møte framtidas krav vedtok styret (sak 14-2016) å starte eit arbeid for å sjå på kva renovasjonsløyningar SUM skal tilby i framtida. I dette arbeidet er det viktig å sjå kva krav og moglegheiter som vil følgje av EU sitt arbeid med direktiv om sirkulær økonomi og stortingsmelding om avfall som er forventa ferdig til sommaren 2017.

28. SUM og samarbeid

Opp gjennom åra har SUM hatt god kontakt med avfallselskapa langs kysten i vest. Det har vore gjennomført felles utgreingar, erfaringsutveksling skjer ofte. Det skjer gjennom samarbeidet KAV (Kommunalt Avfall Vestland)

Kvar for seg vert selskapa og kommunane i Sogn og Fjordane små, samarbeid og samhandling må til for å sikre abonnentane og næringslivet forsvarlege avfallslysingar.

Det har tidlegare blitt gjennomført felles anbudsrunder med nærliggande avfallselskap. Dette blir det truleg mindre av framover, noko som skuldast at kontraktane blir uryddige, samtidig som det ikkje blir utført arbeid som er felles for selskapa.

29. Opplæring - kompetanseheving

For å sikre personleg kompetanseauke, brukar SUM mange kanalar og metodar:

- Deltaking på ei rekke seminar og konferansar, dei tilsette er kontinuerleg invitert til å komme med ønske.
- Aktiv deltaking i organisasjonane KS Bedrift, Norsk Forening for Farleg Avfall, Avfall Norge
- Besøk i andre selskap
- I løpet av det siste året har tre maskinførarar fullført vidaregåande kurs i Farleg Avfall, ein tilsett er gjenvalgt i KS Bedrift sitt Avfallsutval. I tillegg har nokre tilsette gjennomført kurs for motorsag, delteke i komposteringsseminar, byggavfallskonferansar samt felleskurs for asbesthandtering, førstehjelp og hjartestartar.
- Ein tilsett er i avsluttande fase av Teknologisk Institutt sitt kurs for verneingeniørar. Målet er innføring av eit komplett kvalitets- og miljøstyringssystem for bedrifta, i form av ein full sertifisering.

Ein av dei viktigaste arenaane for læring er interne diskusjonar og diskusjonar ein har med andre avfallsselskap. Diskusjon omkring praktisk drift gir ofte verdifull kunnskap som er vanskeleg å tileigne seg på kurs eller seminar.

30. Stor vekt på helse miljø tryggleik. Bedriftshelseteneste

SUM legg vekt på å ha godt arbeidsmiljø, både fysisk og psykisk. Alle tilsette er oppmoda om å rapportere når dei meiner det oppstår situasjonar som inneber risiko. Det har ikkje vore ulykker med personskade. Det vert gjennomført særskilt opplæring på vernespørsmål og innan mellomleing. Dokumentasjonen i nytt elektronisk system kom på plass i 2015. I 2017 startar vi arbeid med etablere kvalitets- og miljøstyringssystem (ISO 9001, ISO 14001).

Det registrerte sjukefråværet var i 2016 1,97 % (1,24 % i 2015, 0,95% i 2014 og 2,19 % i 2013). Verksemda har fokus på helse til den enkelte i vanleg arbeid og i mellommenneskeleg relasjon, og vi har avtale med Bedriftshelse1 for levering av bedriftshelsetjeneste.

31. Godtgjersle styre-rep.skap-klageutval

Representantskapet fastset kvart år godtgjersla til representantskap-styre-klageutval, vedtak april 2016;

Tekst	År 2016, kr
Fast møtetgodtgjersle pr. møtedag for møtande medlemmer / varamedlemmer til møte i styret, utval og representantskap	1 356
Dokumentert tapt arbeidsforteneste vert pr møtedag dekket med inntil	2 270
Udokumentert tapt arbeidsforteneste vert pr. møtedag dekket med	1 503
Årleg godtgjersle til leiar av representantskapet	6 462
Årleg godtgjersle til leiar av klageutvalet	6 462
Årleg godtgjersle til styreleiar	44 990
Årleg godtgjersle til styrets nestleiar	10 706
Årleg godtgjersle til dei faste styremedlemmene	6 462
Reisegodtgjersle vert dekket i samsvar med Statens reiseregulativ	
Dekking barnepass under møter, inntil kr 200/time avgrensa oppover til kr 1.200	

32. Forurensingslova § 2 og retningslinjene for avfallsarbeidet:

§ 2. (retningslinjer)

Gjennomføringen av loven skal skje etter disse retningslinjer:

1. Det skal arbeides for å hindre at forurensning oppstår eller øker, og for å begrense forurensning som finner sted. Det skal likeledes arbeides for å unngå avfallsproblemer. Loven skal nyttes for å oppnå en miljøkvalitet som er tilfredsstillende ut fra en samlet vurdering av helse, velferd, naturmiljøet, kostnader forbundet med tiltakene og økonomiske forhold.
2. Forurensningsmyndighetene skal samordne sin virksomhet med planmyndighetene slik at planlovgivningen sammen med denne lov brukes for å unngå og begrense forurensning og avfallsproblemer.
3. For å unngå og begrense forurensning og avfallsproblemer skal det tas utgangspunkt i den teknologi som ut fra en samlet vurdering av nåværende og fremtidig bruk av miljøet og av økonomiske forhold, gir de beste resultater.
4. Avfall skal tas hånd om slik at det blir minst mulig til skade og ulempe. Det skal gjenvinnes der dette ut fra en avveining av miljøhensyn, ressurs hensyn og økonomiske forhold er berettiget.
5. Kostnadene ved å hindre eller begrense forurensning og avfallsproblemer skal dekkes av den ansvarlige for forurensningen eller avfallet.
6. Forurensning og avfallsproblemer som skyldes virksomhet på norsk område skal motvirkes i samme utstrekning hva enten skadene eller ulempene inntreffer i eller utenfor Norge

33. I høve til Regnskapsloven § 3-3:

Arbeidsmiljøet er godt. SUM er tilslutta bedriftshelseteneste, brukt både som rådgjevar og oppfølging av tilsette.

Likestillingsspørsmål er med i vurderingane ved tilsetjing.

Årsoppgjeret er avlagt under føresetnad om vidare drift av selskapet. Styret stadfester at føresetnad framleis er til stades

Det er 10 heiltids tilsette i SUM , ni menn og ei kvinne, +2 vikarar. Det var skifte av dagleg leiar i 2016. Ny dagleg leiars årsløn er kr 800 000, tidlegare dagleg leiars årsløn var kr 838 450.

34. Styrets vurdering.

SUM er til for innbyggerane, og skal legge til rette slik at avfallshandtering, gjenvinning og sluttbehandling er i samsvar med selskapets formelle formål og lovgevinga.

Forurensningslovens grunntone er god; Alle treng ikkje drive med alt over alt. Det skal takast omsyn til både miljø og økonomi. Det som er miljømessig og økonomisk rett i sentrale strok med kortare avstand til behandlingsanlegg, treng ikkje vere rett over alt.

Det er politisk og formelt rett at avfallsbehandlinga vert tilpassa lokale forhold. Samarbeid med tilsvarende regionar – med tilsvarende bumønster – er naturleg og vert prioritert for å finne dei rette løysingane. KAV er svært nyttig med omsyn i så måte.

Styret legg stor vekt på at SUM skal halde seg oppdatert på nye løysingar. Dette vert gjort gjennom aktivt engasjement i faglege nettverk, og ved å besøke selskap som synest å ligge langt framme både strategisk og teknisk.

Styret vedtok i oktober i sak 14-16 å sjå næmare på drifta av SUM i framtida, noko som er ein direkte følge av arbeid med nytt EU-regelverk og stortingsmelding om avfall.

EU-kommisjonen la hausten 2015 fram ei rekke forslag for meir effektiv utnytting av ressursar som eit ledd i arbeidet med sirkulær økonomi. Dei foreslår ambisiøse mål for resirkulering og betre utnytting av biprodukt frå industrien. Dei foreslår bl.a. utsortering av våtorganisk avfall og høgare grad av materialgjenvinning (65 % i 2030, mot dagens mål på 50 % i 2020). EU's forslag er forventa og være ferdig utarbeid og vedtatt i 2018.

Regjeringa tar sikte på å ha klar ei stortingsmelding om avfallspolitikk og sirkulær økonomi før sommaren 2017. Dette arbeidet blir starte opp pga EU's politikk på området og krav som Noreg kan få via EØS-regelverket. Tema i meldinga blir bl.a. økt materialgjenvinning for å underbygge sirkulær økonomi, marin forsøpling, avfallsførebygging og matsvinn.

Fram mot sommaren vil SUM vurdere alle aspekt ved drifta og når stortingsmeldinga er klar til sommaren vil ha eit grunnlag for å vurdere ulike avfalls- og sorteringsløysingar opp mot framtidige myndigheitskrav.

Som statistikken viser, har SUM gode resultat på mange avfallsfraksjonar, til dømes innsamling av Farleg Avfall.

Kvart år vert gebyret den enkelte abonnent betalar over «kommunesetelen» vurdert, og det vert teke stilling til evt justering i samband med representantskapets haustmøte, der budsjettet vert fastlagt. Tilrådinga frå styret og representantskapet har alltid vore like gebyr i alle eigarkommunane.

Økonomien i SUM er solid, og renovasjonsgebyret i SUM er lågt, samanlikna med våre grannar og på landsplan. SUM har lagt vekt på å halde uendra gebyr over lengre periode og i 2016 vart gebyret redusert. Det er tillat i lovverket å setje av midlar i fond viss sjølvkosttenestane går med overskudd, men midlane skal brukast innan 3 til 5 år. Grunna økt vedlikehald, økt bemanning, økt avfallsmengde og dyrare kontraktar har fondet blitt redusert i 2016, og same utvikling er forventa i 2017.




Med bakgrunn i at SUM har relativt mykje likvide midlar, har styret vedteke å plassere noko kapital i obligasjonar med litt større risiko enn bankplassering. Plasseringa er gjort etter grundig risikovurdering, og bygger på same lest som våre kommunar nyttar til å forvalte kapital. Målet er, innanfor akseptable risikorammer, å auke selskapets - og dermed abonnentane – sin finansielle styrke.

Det er viktig å halde anlegg og maskiner i god forfatning, i 2015 vart 2 maskiner skifta ut. I 2016 vart det kjøpt ein minimaskin til stasjonen på Skei i Jølster. Selskapet har valt å bruke litt trauste konstruksjonar og ikkje altfor finurleg utstyr. Tankegangen er at forsvarleg konsentrasjon betrar driftsøkonomien, og traustheit forenklar og reduserer driftskostnadane.

Drøftingane og samarbeidet i styret er godt. Det er vanleg å drøfte alle typar sakar, både «tyngre» og «lette» med bakgrunn i at dette gir god innsikt i praktiske spørsmål. Resultatet vert at styret har godt grunnlag for å ta avgjerd i økonomiske og miljømessige spørsmål.

Styrets punktoppsummering:


- SUM er kompetanseorgan for eigarane
- Søkjer nye løysingar gjennom nettverksarbeid og god kontakt i fagmiljø
- Sjekkar at løysingane toler å bli granska mot miljømessige og samfunnsøkonomiske kriterier, ugjennomtenkte og lettvinne løysingar skal unngåast
- Jamleg kompetansebygging
- Fokus på gjenvinning vurdert mot miljø og økonomi
- Bidrar med avfallsløysingar og kompetanse for næringslivet
- Oppdatert på dei fleste typar avfallstilhøve enten sjølv eller gjennom gode nettverk
- Gir eigarane beskjed når ureglementære ting vert oppdaga, kommunane er forurensingsmyndigheit
- Bidrar til samarbeid utover primærområdet gjennom aktiv bruk av fagnettverk
- Godt grunnlag for framhaldande drift

 Oddmund Klakegg, leiar	 Gunnar Osland	 Iris Loftheim
 Marius Dalin	 Stig Moltumyr	 Grim Erik Gillestad
 Geir Helge Nordstrand	 Anne-Britt Øyra	 Henning Tjørhø

35. Statistikk

Deponert (Hesjedalen), tal i tonn


	år2007	år2008	år2009	år2010	år2011	år2012	År 2013	År 2014	År 2015	År 2016
Nærings-avfall	6741	9605	13207	4730	4496	5661	18344	5034	4595	3606
Hush.avfall	762	545	677	98	23	43	37	41	61	59
Treverk/slam	4203	5833	5371	800	800	800	800	800	800	600
Sum	147 156	163 139	182 394	188 022	193 341	199 845	219 026	224 901	230 357	234 622



Restavfall renovasjonsbilane


	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Antal innvegingar	1122	1129	1205	1353	1339	1344	1336	1350	1333	1350	1374
Tonn	6588	6711	6739	6679	6613	6802	6770	6813	6877	6836	6831

År	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Kg avfall pr innbuar	437	451	408	413	410	418	417	410	404	442	451
Kilo avfall pr.abbonent	1004	1 086	991	785	793	807	799	781	769	847	830




Papir: Innsamla i SUM kommunane, tonn. Minkande tonnasje.

Papir										
År	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Innsamla i kommunane	1647	1766	1677	1692	1627	1445	1417	1359	1264	1225



Inntransport frå gjenvinningsstasjonar


År	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Antal hentingar	412	513	518	448	417	370	302	314	365	443	488
Tonn	749	992	998	1089	985	1297	1281	1378	1560	1888	2142



Utveging energigjenvinningsvarer


År	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Hushald tonn	5515	6002	6163	5945	6036	6011	6613	7621	7812	7801	7409	7314	7928
Næring tonn	1225	1980	2146	2364	2316	3098	6066	6456	6337	6993	2538	1830	1790

Totalt, tonn	6740	7982	8309	8309	8352	9109	12679	14077	14149	14794	9947	9144	9718
---------------------	------	------	------	------	------	------	-------	-------	-------	-------	------	------	------




Innhenta farleg avfall i SUM systemet, tonn

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Farleg avfall	42,6	45,8	61,1	63,1	70,2	62,3	69,5	79,4	76,5	73,2	77,0	91,5
Blybatteri	17,0	25,9	31,6	44,1	31,0	37,6	32,8	34,3	34,5	29,8	62,5	59,3
CCA-impregnert	61,6	79,8	36,2	67,4	42,1	63,7	95,5	143,6	165,0	248,3	192,0	190,1
PCB-/Klorparafinvinu	10,0	6,1	9,1	18,1	17,3	18,6	21,4	32,0	35,5	46,2	72,2	65,3
Farleg byggavfall												
Sum (tonn)	131,2	157,6	138,0	192,8	160,6	182,3	219,2	289,3	323,0	409,0	403,8	406,3




Glas og metallembalasje: Levert til gjenvinning.

Glass- og metallembalasje							
År	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Levert til gjenvinning	314	402	351	382	84	671	444



Kompostert på kompostanlegget i Hesjedalen

Kompostert i Hesjedalen										
År	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Treverk	2184	2739	3154	3117	787	1135	2073	3184	2450	2146
Slam	2019	3094	2216	3880	4268	4711	6853	6506	6482	6645
Sum	4203	5833	5370	6997	5055	5846	8926	9690	8932	8791



Del II; Årsrekneskap 2016, balanse 31.12.16, økonomiplan 2016-2020

Resultat 2016

	Resultat 2015	Budsjett 2016	Resultat 2016
DRIFTSINNTEKTER			
Renovasjonsinntekt	-25 717 958	-25 500 000	-25 319 388
Inntekt slam	-7 546 582	-7 000 000	-7 141 382
Næringsavfall	-9 683 754	-10 000 000	-10 019 769
Andre inntekter	-643 000	-40 000	-51 000
Sal til gjenvinning	-1 480 039	-1 500 000	-1 619 352
SUM INNTEKTER	-45 071 333	-44 040 000	-44 150 891
DRIFTSKOSTNADER			
Løn og personal	7 627 612	7 400 000	8 415 823
Administrasjon	1 346 097	1 500 000	1 421 025
Adm. renov og slam eigarar	1 360 386	1 400 000	1 369 852
Drift Einestølen	2 015 304	2 500 000	3 128 522
Renovasjonsbil	10 253 997	10 500 000	10 365 454
Energigjenvinning restavfall	2 230 098	2 000 000	2 392 306
Transport til energigjenvinning	3 488 102	3 100 000	3 741 812
Tøming og transport slam	4 486 911	4 600 000	4 309 216
Transport container næring	370 306	300 000	389 917
Transport container gjenv stasjon	972 170	1 000 000	994 297
Farleg avfall, transport og behandling	1 791 585	2 000 000	1 905 055
Gjenvinningsstasjonar	623 292	700 000	840 759
Forprosjekt nedgravd løysing	1 176 874		-
Prøvetaking, miljøgebyr	154 665	200 000	140 110
Avsett til etterdrift	211 850	200 000	183 250
Avskrivinger	4 300 113	4 400 000	4 441 690
SUM KOSTNADER	42 409 362	41 800 000	44 039 085
DRIFTSRESULTAT	-2 661 971	-2 240 000	-111 805
FINANS			
Renteinntekter, aksjeutbytte	-423 105	-500 000	-208 621
Renteutgifter, bankgebyrer	31 050	30 000	27 483
SUM FINANS	-392 055	-470 000	-181 138
RESULTAT FØR SKATT	-3 054 026	-2 710 000	-292 943
Skattekostnad	625 928		456 350
RESULTAT	-2 428 098		163 407

Kommentarer til rekneskapen:

Årsregnskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk. Inntekter og kostnader er bokført til den perioden dei er påløpt.

Inntekter.

Renovasjonsinntekt. Gebyr for renovasjon vart frå 1/1-2016 sett ned med 5% for restavfall. I 2016 har alt avfall frå hushaldningane vore finansiert over det kommunale gebyret.

Inntekt slam: Private slamavskiljarar 3 mill, kommunale anlegg SUM-området 3 mill. Slam frå utanfor vårt område 1 mill.

Næringsavfall. Avfall frå næringsdrivande, inkludert vidarefakturering av containertransport til næring.

Andre inntekter: Leige for utplassering containerar, Dagmulkt leverandør.

Sal til gjenvinning: Metall 44%, papir 19%, glas 19% , EE-avfall/batteri 17%, plast 1%

Kostnader.

Lønn og personal. Alle kostnader tilknytt løn tilsette, i tillegg honorar styre og representantskap. Anlegget på Einestølen har eit større behov for vedlikehald grunna alder og auka kompleksitet i det fysiske systemet. Dette inneber krav til meir diversifisert handsaming av avfallet, nye typer farleg avfall og dokumentasjon av dette. Det vart i 2016 oppretta ein vedlikehaldsstilling i 100%.

I tillegg gjorde pensjonskostnaden eit hopp på 0,2 mill.

Administrasjon. Kostnader som påløper innafor adm byggets vegger (kontor, annonsering, utsending av informasjon).

Adm renovasjon og slam. Kommunane får den delen av gebyrinntektene for slam og renovasjon som er tilknytt innkrevjingsordninga og vedlikehald av denne.

Drift Einestølen. All drift utandørs på Einestølen. Det vart i 2016 gjort ein omfattande reparasjon på gjerdet ut mot vegen og på takoverbygget til driftsbygningen. Reparasjon av motor på hjullastar og punpe på kompaktor ga uventa kostnad på til saman 350.000,-

Renovasjonsbil. Tøming og transport av avfall frå restavfallsdunkar kvar veke og papirdunkar ein gong pr mnd, over ti tusen av kvar sort. I tillegg tømast næringsdunkar, hyttedunkar og hyttecontainerar ved behov.

Energigjenvinning/transport til energigjenvinning restavfall.

I 2016 gjekk 9718 tonn restavfall til energigjenvinning fordelt på 357 vogntog. Dette gir ein snittvekt på over 27 tonn pr bil.

Budsjettoverskridinga skuldast ein stor mengd behandla treverk ueigna til slamkompostering, som no vert køyrt til energigjenvinning.

Tøming og transport slam: Kun slam frå eigarkommunar. Små private og store kommunale anlegg.

Transport næring. SUM har avtale med transportør ved utleige av containerar.

Transport container: Innhenting frå gjenvinningsstasjonane i Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Gaular og Jølster. I 2016 vart 682 containerar med over 2000 tonn avfall transportert inn frå desse.

Farleg avfall, transport og behandling. Farleg avfall samla inn på våre seks gjenvinningsstasjonar, langs ruta til og frå samt årleg ekstra henterunde farleg avfall.

Kostnaden er fordelt på det tradisjonelle farlege avfallet (måling, spillolje, sprayboksar...) med 1,3 mill, transport av vinddauge med klorparafin 0,1 mill, CCA-impregnert trevirke/kreosot 0,2 mill og gips til materialgjenvinning 0,3 mill.

Gjenvinningsstasjonar. Reine driftskostnader på stasjonane ute.

Prøvetaking, miljøgebyr: Sigevassprøver, resipientgransking, deklarasjonsgebyr og slutthandsamingsavgift.

Etterdriftsfond. 3.665 tonn deponert i 2016. Kr 50,- pr tonn avsett.

Skattekostnad. Kommunale avfallsselskap som tilbyr kommersielle tenester i markedet er skattepliktige for den delen av verksemda som er relatert til næring.







Skattekostnaden i resultatregnskapet omfatter både periodens betalbare skatt og endring i utsett skatt.

Skattemessig overskot på næringstenestene er kr 1 504 279, betalbar skatt skatt av dette kr 376 070.

Endring utsett skatt kr 59 365 og forlite avsett skatt 2014 kr 20 915.

Balanse 31.12.2016

	2015	2016
Anleggsmidler:		
¹ Finansielle anleggsmiddel	12 701 901	12 724 407
² Utstyr, maskiner og transportmiddel	16 921 690	15 335 492
³ Faste eiendommer og anlegg	27 089 858	24 584 271
⁴ Utsatt skattefordel	4 108 008	4 048 643
Sum anleggsmidler	60 821 457	56 692 813
Omløpsmidlar:		
Kasse, bank, postgiro	13 539 201	19 868 802
Utestående krav	6 068 080	4 249 604
Sum omløpsmidlar	19 607 281	24 118 406
SUM EIGENDELAR	80 428 738	80 811 219
Eigenkapital:		
Interessekapital	-100 000	-100 000
⁵ Sjøkostfond abonnentar	-8 469 031	-8 469 031
⁵ Fri egenkapital	-21 201 067	-21 201 067
⁵ Resultat til fordeling	-	163 407
⁶ Anna egenkapital	-39 885 253	-39 885 253
Sum egenkapital	-69 655 351	-69 491 944
Langsiktig lånegjeld	-	-
Sum langsiktig gjeld:	-	-
Leverandørgjeld	-6 244 256	-5 425 321
⁷ Avsett etterdriftsfond	-2 745 261	-2 928 511
⁸ Avsett til Afp	-94 465	-
⁴ Skattetrekk, mva, arb.gj.avgift og feriep.	-667 099	-2 385 569
⁴ Skatt på næringsdrift 2016	-123 072	-376 070
⁹ Påløpte kostander	-899 234	-203 804
Sum kortsiktig gjeld	-10 773 387	-11 319 275
Sum gjeld	-10 773 387	-11 319 275
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	-80 428 738	-80 811 219

 Oddmund Klakegg, leiar	 Gunnar Osland	 Stig Moltumyr
 Grim Erik Gillestad	 Geir-Helge Nordstrand	 Iris Loftheim
 Anne-Britt Øyra	 Marius Dalin	 Henning Tjørhom

Notar

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Eiendeler som er tilknyttet varekretsløpet er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer klassifiseres som omløpsmidler hvis de skal tilbakebetales i løpet av ett år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er analoge kriterier lagt til grunn. Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost. Varige anleggsmidler som forringes i verdi avskrives lineært over forventet økonomisk levetid. Anleggsmidlene nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som ikke forventes å være forbigående. Nedskrivningen reverseres i den utstrekning grunnlaget for nedskrivningen ikke lenger er tilstede.

Langsiktig gjeld i norske kroner med unntak av andre avsetninger balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Note 1 Finansielle anleggsmiddel		
	Kjøp /innskot	Avskrivning/sal
Finansielle anleggsmiddel 31.12.15	12 701 901	
derav Aksjar Rekom 53.297,-		
derav Eigenkapitalinnskot i KLP 148.604,-	22 506	
Fond og aksjer 12.500.000,-		
Finansielle anleggsmiddel 31.12.16		12 724 407
Note 2 Maskiner og utstyr		
Maskiner og utstyr	Kjøp	Avskrivning/sal
Maskiner og utstyr 31.12.15	16 921 690	
Avskrivningar, kompaktor. Innkjøp: 2.130.000		
Gjenvinningsstasj Hyllestad 2006: 1.935.174,-		96 760
Gjenvinningsstasj Askvoll 2008: 2.312.274,-		115 620
Gjenvinningsstasjon Jølster 2.138.722,-		114 508
Gjenvinningsstasjon Gaular: 2.965.518,-		177 140
Gjenvinningsstasjn Fjaler: 3.814.409,-		195 044
5 garasjebygg gjenv stasjonar		85 000
Containerar til gjenv stasjonar: 1.226.024,-		115 704
Truck kjøpt 2003. Innkjøp 249.500,-		
Deponigassanlegg, inv. 2004 .1.644.183,-		
Liebh. sorteringsmaskin LH22M 2015: 2.168.046,-		216 804
Liebherr sorteringsm. LH22M 2015: 2.168.046,-		
Glascontainerar kjøpt 2006: 540.610,-		
24 hyttecontainerar: 2007: 436.700,-		
Varebil Toyota 2007: 230.990,-		0
Varebil Fiat 2014: 498.370,-		62 296
Minimaskin Jølster Gjenv stasjon 2016: 334.050,-	334 050	16 703
Hjullastar kjøpt 2007: 1.256.485,-		125 648
Hjullastar Volvo L110G 1.795.320,-		179 532
Tana Shark, knusemaskin 2010: 2.690.362,-		269 036
Gravemaskin 318EL kjøpt 2015: 1.466.887,-		150 452
Aktivering / avskrivning	334 050	1 920 247
Maskiner og utstyr 31.12.16		15 335 493

Note 3 Eigedom og anlegg		
	Kjøp	Avskrivning/sal
Eigedom og anlegg 31.12.15	27 089 857	
Avskrivningar, Hesjedalen (tidl 15 år)		1 274 451
Investering: 51.723.725,-		
Utviding deponi: 4.129.811,-		206 491
Omlastingstasjon 2006: Innkjøp 6.299.095		314 956
Lagerplass metallskrap 2006: Kjøp: 610.009		30 500
Komposteringsanlegg 2009: 3.988.278,-		398 824
Renseanlegg sigevatn 2009 : 2.194.014,-		109 700
Gbnr 29/196 Skei i Jølster: 380 000,-		
Gbnr 30/51 Olsetvikane, Askvoll: 322 117,-		
Gbnr 92/92 Flekke, Fjaler: 129.007,-		
Takoverbygg Einestølen 2012: 3.279.010,-		170 664
Aktivisering / avskrivning		2 505 586
Eigedom og anlegg 31.12.16		24 584 271

Note 4 Betalbar skatt/utsett skattefordel

Skatt

Kommunale avfallsselskap som tilbyr kommersielle tenester i markedet er frå 01.01.2014 skattepliktige for den delen av verksemda som er relatert til næring.

Skattekostnaden i resultatregnskapet omfatter både periodens betalbare skatt og endring i utsatt skatt. Utsatt skatt er beregnet med 24 % på grunnlag av de midlertidige forskjeller som eksisterer mellom regnskapsmessige og skattemessige verdier, samt eventuelt ligningsmessig underskudd til fremføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteøkende og skattereduserende midlertidige forskjeller som reverserer eller kan reversere i samme periode er utlignet. Oppføring av utsatt skattefordel på netto skattereduserende forskjeller som ikke er utlignet og underskudd til fremføring, er begrunnet med antatt fremtidig inntjening. Utsatt skatt og skattefordel som kan balanseføres er oppført netto i balansen.

	2016	2015	endring
Rekneskapsmessig verdi	23 135 611	25 721 886	-2 586 275
Skattemessig verdi	40 004 957	42 153 916	-2 148 959
Negativ forskjell	-16 869 346	-16 432 030	-437 316
Utsatt skattefordel - 24 %	-4 048 643	-4 108 008	59 364
Resultat før skattekostnad (næring)	939 343	891 332	
Endring mellombels skilnad	437 316	-645 242	
Permanente skilnader	127 620	209 822	
Skattepliktig resultat	1 504 279	455 822	
Betalbar skatt – 25 %	376 070	123 072	
Forlite avsett skatt 2014	20 915		
Endring utsett skattefordel	59 365	502 856	
Skattekostnad	456 350	625 928	

Note 5 sjølvkostfond og fri egenkapital, avsetjing og bruk.

	Tidlegare avsett	Avsetjing 2015
Sjølvkostfond 31.12.15	29 670 097	
fordelt på fond abonnentar	8 469 031	
og fri egenkapital	21 201 066	
Avsett 2016		163 407
derav fond dunkrenovasjon		227 345
derav fond slam		461 619
derav frie fondsmidler		-525 558
Bruk av fondsmidler		
Sjølvkostfond 31.12.16		7 780 066
Fri egenkapital 31.12.16		21 726 624

Note 6 Anna egenkapital/Utsett skattefordel

Beløpet i Anna egenkapital avspeglar det som var avskreve etter kommunale rekneskapsprinsipp (tilsvarer betalt gjeld) ved omlegging til rekneskapslova etter lov om IKS frå 2005.

Fordi det i denne tida vart betalt ekstraordinært ned på gjeld og dette vart bokført som avskrivningar hadde SUM ein skeivheit i bokført vs reell verdi av anlegg og utstyr. Ved innføring av skatteplikt er denne verdien tilbakeført i balansen frå 2013.

Note 7 Avsett til etterdriftsfond

SUM er organisert etter lov om IKS. For å oppfylle

- a) Avfallsforskriften § 9.10 om finansiell garanti og kostnadsdekning og
 - b) Veileder for etterdriftsfond frå SFT
- må vi setje av rekneskapsmessig til etterdrift .

Det er i 2016 deponert 3.665 tonn avfall på SUMs deponi, avsetjing kr 50,- pr tonn.

Satsen er basert på ein rekneskapsmessig kalkyle for drift av reinseinstallasjonar og prøvetaking av sigevatn i 30 år.

Note 8 Avsett til AFP:

SUM har reservert seg mot KLP si ordning for AFP 62-64 år. Tidlegare avsette vi midlar til dette.

Note 9 Påløpte kostnader.

SUM hadde eit etterslep på 900 tonn behandla treverk som skulle til energigjenvinning. Dette vart vekkøyrte på nyåret 2017. Kostnad 180.000,- Ellers periodisering av straum og telefon.

2. Revidert budsjett 2017 mot resultat 2016

Styrets sak 18-2016 vedteken av representantskapet 28. oktober 2016.

Postane merkt med stjerne er revidert.

Tal i venstre kolonne knytt opp mot kommentarar etter budsjettabelen.

	Resultat 2016	Budsjett 2017
DRIFTSINNTEKTER		
1 Renovasjonsinntekt	-25 320	-25 400
2 Inntekt slam	-7 141	-7 500
3 Næringsavfall	-10 020	-12 500 *
4 Andre inntekter	-51	-36
5 Sal til gjenvinning	-1 619	-1 600 *
SUM INNTEKTER	-44 151	-47 036
DRIFTSKOSTNADER		
6 Løn og personal	8 416	8 700 *
7 Administrasjon	1 421	1 400
8 Systemutvikling		100 *
9 Adm. renov og slam eigarar	1 370	1 400
10 Drift Einestølen	3 129	3 300
11 Renovasjonsbil	10 366	10 800 *
12 Energigjenvinning restavfall	2 454	3 800 *
12 Transport til energigjenvinning	3 680	5 900 *
13 Tøming og transport slam	4 309	4 500
14 Transport container næring	390	400
15 Transport container gjenv stasjon	994	1 000
16 Farleg avfall, transport og behandling	1 905	2 000 *
17 Gjenvinningsstasjonar	841	1 000
18 Prøvetaking, miljøgebyr	140	100
19 Avsett til etterdrift	183	200
20 Avskrivinger	4 441	4 500
SUM KOSTNADER	44 039	49 100
DRIFTSRESULTAT	-112	2 064
FINANS		
21 Renteinntekter, aksjeutbytte	-208	-200
22 Renteutgifter, bankgebyrer	27	30
SUM FINANS	-181	-170
RESULTAT FØR SKATT	-293	1 894

Kommentarar til budsjett 2017

Inntekter.

- Representantskapets budsjettmøte 28. oktober 2016 vedtok å halde gebyrsatsane fast også i 2017. Abonnentane har pr i dag eit sjølvkostfond plassert i balansen som skal tappast ned. Ein vidarefører også i 2017 ordninga der privathushaldningar inkludert i gebyret kan levere alt avfall fritt på SUM sine gjenvinningsstasjonar. Erfaringsmessig auker gebyrinntekt renovasjon kvart år litt, i hovudsak grunna vekst i Førde.
- Gebyr for slam frå private tankar. I hovudsak syklus på to år, der Hyllestad, Fjaler, Gaular og Jølster vert tømt i partallsår og Askvoll, Førde og Naustdal i oddetalsår. I tillegg større kommunale anlegg der SUM bereknar sjølvkost for eige arbeid medan kommunane krev inn gebyret.

3. Næringsavfall. Frå 1. januar 2017 er det innført ein større prisdifferensiering med ein vesentleg prisauke på avfall som vert sortert av SUM sitt mannskap samt treverk som skal vekkøyrast. Elles små justeringar i prisane for næringskundar. Her også slam frå utanfor SUM-kommunane og vidarefakturering av transport næringscontainerar.
4. SAR Florø er vår transportør på containersida (ny kontraktsperiode fom 1. januar 2017). Dei betaler litt for å kunne plassere containerane sine fritt på vårt område.
5. Inntekt for fraksjonar til materialgjenvinning svinger mellom 1,3 og 1,8 mill, mykje avhengig av pris på metall.

Kostnader

6. Løn. Vi er i dag 10 fast tilsette ved SUM.
I tillegg to ekstrahjelpar som stepper inn på driftssida (døme kursavvikling). I budsjettet to vikarar over sommaren og ved mykje trafikk på gjenvinningsstasjonane ute i kommunane. Vi har og budsjettet med ein læringløn. Elles godtgjersle styre og representantskap. Inflasjonsjustert med 3%.
7. Administrasjon. Som ein grunnregel alle kostnader utløyst i kontorbygget. Utsending av SUM-info, forsikring, konsulentutgifter, kurs tilsette. Sosiale tiltak.
8. Systemutvikling. Vi starter arbeidet med å få sertifisert kvalitetssystemet i bedrifta. Det er ikkje teke endeleg avgjersle om kva system som skal brukast.
9. Kommunane tek imot ein del av gebyret for administrasjon av abonnentmassen og innkrevjing av gebyr. I 2017 Kr 67,- pr abonnent for renovasjon og 55,- pr slamtank.
10. Under driftsutgifter ligg alt arbeid innafor gjerdet ved hovudanlegget til SUM. Utstyr til mannskap, og vedlikehald og drift av maskiner, i tillegg til straum. Supplering containerar.
11. I tillegg til normal inflasjon er det ein kostnadsauke på 120.000,- pr år i bompengar.
12. Ny kontrakt frå 1. mars 2017 gav ein vesentleg auke i transportkostnadene. Det er budsjettet med same tonnasje restavfall som i 2016 (9.700 tonn) i tillegg til 100 tonn behandla treverk pr mnd.
13. Tøming og transport slam. Knytt opp mot gebyrinntekter slam. Både private og kommunale anlegg.
14. Containertransport vidarefakturert næringskundar.
15. Budsjett for inntransport frå gjenvinningsstasjonane sett etter resultat 2016.
16. SUM har ein god statistikk på innsamling av Farleg Avfall med om nesten 13 kg pr innbyggjar i privathushaldning i 2016.
I 2016 vart 370 tonn gips frå SUM materialgjenvunne.

17. Driftsutgifter for gjenvinningsstasjonane. Snøbrøyting, reparasjonar og utstyr.
Hyllestad Kommune v/Atle Tonning drifter i Hyllestad, SUM v/Ove Myrmel drifter Askvoll, Gaular, Fjaler og Jølster.
All glas- og metalltransport frå returpunkt ligg også her.
18. Fire gonger i året vert det teke sigevassprøvar av vatnet som passerer SUM sitt anlegg. Desse vert analysert, resultatet går m.a. til Fylkesmannen. I tillegg tek vi ein del prøvar av avfall for å sikre at ureina avfall ikkje vert deponert.
19. Rekneskapsmessig avsetjing av midlar til avslutning av deponi og sigevassprøver etter avslutta drift.
20. Avskriving bygg, anlegg og maskiner.
21. SUM har plassert halve overskotslikviditeten ved hjelp av Sparebanken Vest. Selskapet har egne Retningslinjer for Kapitalforvaltning med låg risikograd utarbeidd. Resten av likviditeten står på særvilkårskonto.
22. Finansielle tenester for elektronisk overføring av inn- og utbetalinger, leige av betalingsterminaler og generelle bankgebyrer.

Økonomiplan 2017-2021

Økonomiplanen har følgjande oppbygging:

1. Generelle rammevilkår
2. Investeringsbudsjetter og finansiering
3. Driftsbudsjett 2017-2021

1. Generelle rammevilkår

Rammevilkår					
	2013	2014	2015	2016	2017
Lønsvekst	3 %				
Prisvekst	3 %				
Rentenivået på lån/innskott	3 %				
Avdragstida på lån	15 år				

Prisvekst: Transportprisane utgjer 60 % av kostnadene ved SUM, indeks for lastebiltransport nytta.

2. Investeringsbudsjetter 2017-2021

Investeringsbudsjetter (heile 1000 kroner)	2017	2018	2019	2020	2021	SUM
Deponiutviding og -justering	500	500	500	5 000	500	7 000
Kjøp av containerar, supplering dunker	600	600	600	600	600	3 000
Div anleggsmessige justeringar	500	200	200	200	200	1 300
Kompost, retting avvik etter tilsyn	10 000	5 000				15 000
Utstyr ytre stasjonar, vedlikehald anlegg	500	500	500	500	500	2 500
Utsifting tyngre maskinelt utstyr, beredskapspost	2 000					2 000
Sum investeringar	14 100	6 800	1 800	6 300	1 800	30 800

Deponiutviding: Det er truleg behov for tyngre utviding i 2020

Kjøp av containerar og dunkar. Aktuelt med nokre større endringar. Reparasjon og nykjøp av containerar skjer kontinuerlig, og vert normalt behandla over driftsbudsjettet.

Anleggsjustering. Behov for skifting av skada asfalt og justering nokre vegar.

Ytre stasjonar. Det er truleg behov for meir overdekka lager og fleire konteinrar. Endring på garasjar kan kanskje også bli nødvendig.

Kjøp tyngre maskin. Beredskapspost.

Finansiering.

SUM har inga lånegjeld.

3. Driftsbudsjett 2017-2021

I tabellen under har ein med utgangspunkt i

- resultat 2016 og budsjett 2017
- uendra gebyrsatser i åra framover
- normal pris- og lønsvekst

come fram til at abonnentanes sjølvkostfond om få år vil være oppbrukt. Her er ikkje teke høgd for nye pålegg, noko som vil framskande behovet for auke i gebyrsatsane for slam og renovasjon.

Tekst (tal i heile 1000)	Rekn 2016	Bud 2017	2018	2019	2020	2021
Løn og personal	8 416	8 700	9 000	9 200	9 500	9 800
Administrasjon	1 421	1 500	1 500	1 600	1 600	1 700
Adm gebyrordning, kommunal	1 370	1 400	1 400	1 500	1 500	1 600
Drift Einestølen	3 129	3 300	3 400	3 500	3 600	3 700
Transportutgifter hushaldningsa	10 366	10 800	10 700	11 000	11 300	11 700
Energigjenvinning restavfall	2 454	3 800	3 900	4 000	4 100	4 300
Transport til energigjenvinning	3 680	5 900	6 100	6 300	6 500	6 700
Tøming og transport slam	4 309	4 500	4 700	4 800	4 900	5 000
Transport container	1 384	1 400	1 400	1 500	1 500	1 600
Farleg avfall, transp og beh	1 905	2 000	2 000	2 060	2 100	2 300
Gjenvinningsstasjoner	841	1 000	1 000	1 000	1 100	1 100
Prøvetaking, miljøgebyr	140	100	100	100	100	100
Avsett til etterdrift	183	200	200	200	200	200
Avskrivingar	4 442	4 500	4 635	4 774	4 917	5 065
Driftskostnad	44 040	49 100	50 035	51 534	52 917	54 865
Inntekter hushaldningar	-25 319	-25 400	-25 400	-25 500	-25 500	-25 500
Inntekter slam	-7 141	-7 500	-7 000	-7 000	-7 000	-7 000
Inntekter næringsavfall	-10 020	-12 500	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Gjenvinning	-1 620	-1 600	-1 600	-1 600	-1 600	-1 600
Andre inntekter	-51	-36	-36	-36	-36	-36
Driftsinntekt	-44 151	-47 036	-44 036	-44 136	-44 136	-44 136
Driftsresultat	-111	2 064	5 999	7 398	8 781	10 729
Finans	-181	-170	-600	-600	-600	-600
Resultat før skatt	-292	1 894	5 399	6 798	8 181	10 129
Endring sjølvkostfond, abon	689	1 500	2 000	2 500	3 000	3 500
Sjølvkostfond abonnent	7 780	6 280	4 280	1 780	-1 220	-4 720

Del III Revisjonsmelding